

ARNE JOHAN LID  
REIKERÅSVEGEN 157  
5913 EIKANGERVÅG

Vår dato: 24.07.2019  
Vår ref.:  
Dykkar dato: 18.07.2019

## Løyvingsbrev

---

**Samandrag:** Lindås kommune har godkjent ditt krav om utbetaling av skogfond på totalt 57 546,00 kroner og løyver inntil 20 257 kroner i tilskot.

---

Vi viser til søknad datert 18.07.2019 om utbetaling frå skogfond og tilskot til tiltak som går fram av tabellen nedanfor.

### Bakgrunn for vedtaket

Formålet med skogfondsordninga er å sikre finansiering av ei bærekraftig forvaltning av skogressursane gjennom tvungen avsetjing av midlar til skogfondet ved sal av skogsvirke. Desse midlane kan nyttast til å finansiere tiltak etter skogfondsforskrifta § 11.

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket har som mål å stimulere til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytta til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir tekne vare på og vidareutvikla.

Etter forskrift om skogfond o.a. kan tiltak som inngår i søknaden dekkast med skogfond og utbetalast slik det er søkt om. For tiltak som er tildelt tilskot, er vedtaket heimla i § 4 i NMSK-forskrifta og i lokale retningslinjer for tildeling av tilskot. Føremålet med tilskotet er å stimulere til etablering og utvikling av kvalitetsskog etter gjennomført hogst. For skogkulturtiltak som ikkje er søknadspliktige, vert tilskotsvedtaket fatta etterskotsvis, og tilskotet endrar ikkje bruken av arealet. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangoldlova §§ 8 - 12 er difor ikkje relevante ved tildeling av tilskot til skogkultur.

Lindås kommune har vedtatt å løyve inntil 20 257 kroner i tilskot. Dersom kommunen sine tilskotsmidlar ikkje strekk til, kan tilskotsbeløpet bli redusert.

Detaljar for utbetaling av skogfond og berekning av maksimalt tilskot er vist her:

| Tiltak             | Mengd | Areal | Godkjent kostnad | Til utbetaling   | Maks. tilskot |
|--------------------|-------|-------|------------------|------------------|---------------|
| GJØDSLING FASTMARK | 7 000 | 32    | 9 946,00         | 9 946,00         | 3 978         |
| PLANTEKJØP         | 7 000 |       | 19 600,00        | 19 600,00        | 5 880         |
| NYPLANTING         | 7 000 | 30    | 28 000,00        | 28 000,00        | 10 399        |
| <b>Totalt</b>      |       |       | <b>57 546,00</b> | <b>57 546,00</b> | <b>20 257</b> |

Om dei totale kostnadene er større enn beløpet som blir utbetalt frå skogfondet, vil skilnaden bli registrert som ei udekket investering. Dette kan dekkast med skogfond innan fastsette fristar. (Eksakte reglar og fristar er beskrive i skogfondsforskrifta).

### **Utbetaling**

Fylkesmannen vil på vegne av Lindås kommune betala ut skogfondsbeløpet slik det går fram av tabellen ovanfor innan 14 dagar. Tilskotet blir forskottert frå din skogfondskonto og godskrive denne i løpet av året.

### **Klage**

Du kan klage på vedtaket innan tre veker etter at du fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til Lindås kommune. Klaga bør vera grunngitt, jfr. § 32 i forvaltningslova. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følgje, vert klaga handsama vidare av Fylkesmannen i Vestland. Du kan og be om å sjå alle dokument i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

Med helsing  
for Lindås kommune

Sakshandsamar: Andreas Granli

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.